

Eksamen

29.05.2017

HEA2002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir vurderte i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte kva respekt og toleranse for andre sine kulturar og tradisjonar, livssyn og sosiale status inneber, og drøfte kva dette betyr for å fremje fysisk og psykisk helse• drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan framheve tryggleik og tillit• forklare forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og drøfte kor viktig det er med korrekt rapportering, pasientsikkerheit og anonymitet• drøfte ulike strategiar for konflikthandtering og prøve nokre strategiar i praksis <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser grad av måloppnåing i dei enkelte kompetansemåla• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i kva løysingar du vel• viser ferdigheiter i problemløysing• har fokus på brukaren• ser kommunikasjon og samhandling i eit heilskapleg perspektiv

Situasjonsskildring:

Du arbeider som helsefagarbeidar i heimetenesta i ein liten kommune. Der har du primæransvar for Razan, som opphavleg kjem frå Syria. Han har budd i Noreg i 20 år. Razan har nettopp komme heim frå eit opptreningsopphald på rehabiliteringsavdelinga etter eit lårhalsbrot. Du er kjent med at Razan i periodar slit med høgt alkoholforbruk, og at han var rusa då han fell og braut lårhalsen.

Razan er skild, og har to vaksne barn som bur i same by.

Etter at Razan kom heim, har han byrja å drikke alkohol igjen. Du opplever at han ofte er rusa når du kjem for å hjelpe han om kvelden. Han motset seg ofte hjelp, og du opplever det som ubehageleg. Du har snakka med Razan om at du synest han skal slutte å drikke alkohol. Du opplever det som ubehageleg å hjelpe han når han er rusa, og du er redd han skal falle og bryte lårhalsen på ny. Han synest du blandar deg opp i ting du ikkje har noko med, og skuldar deg for å mislike han på grunn av den kulturelle bakgrunnen hans og livssituasjonen hans.

Oppgåve 1

Korleis kan du vise respekt og toleranse for Razan i situasjonen hans?

Oppgåve 2

Drøft korleis du kan bruke kommunikasjon for å fremje tryggleik og tillit mellom deg og Razan.

Oppgåve 3

Forklar forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og gi døme frå situasjonsskildringa.

Oppgåve 4

Forklar og grunngje kor viktig det er med korrekt rapportering.

Oppgåve 5

Razan har hatt lite kontakt med barna sine dei siste åra. Dei misliker alkoholforbruket hans, og besøk endar ofte med krangling og konflikhtar. Dei har spurt deg som helsefagarbeidar om hjelp til å betre forholdet til faren.

- a) Beskriv ulike strategiar for konflikthandtering.
- b) Kva kan vere ein aktuell strategi å bruke i konflikten som har oppstått?
Grunngje svaret ditt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte hva respekt og toleranse for andres kulturer og tradisjoner, livssyn og sosiale status innebærer, og drøfte hva dette betyr for å fremme fysisk og psykisk helse• drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremheve trygghet og tillit• forklare forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og drøfte betydningen av korrekt rapportering, pasientsikkerhet og anonymitet• drøfte ulike strategier for konflikthåndtering og prøve noen strategier i praksis <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser grad av måloppnåelse i forhold til de enkelte kompetansemålene• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser kommunikasjon og samhandling i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

Du arbeider som helsefagarbeider i hjemmetjenesten i en liten kommune. Der har du primæransvar for Razan som opprinnelig kommer fra Syria. Han har bodd i Norge i 20 år. Razan har nettopp kommet hjem fra et opptreningsopphold på rehabiliteringsavdelingen etter et lårhalsbrudd. Du er kjent med at Razan i perioder sliter med høyt alkoholforbruk, og at han var beruset da han falt og brakk lårhalsen.

Razan er skilt, og har to voksne barn som bor i samme by.

Etter at Razan kom hjem har han begynt å drikke alkohol igjen. Du opplever at han ofte er beruset når du kommer for å hjelpe på kvelden. Han motsetter seg ofte hjelp, og du opplever det ubehagelig. Du har snakket med Razan om at du synes han skal slutte å drikke alkohol. Du opplever det ubehagelig å hjelpe ham når han er beruset, og du er redd han skal falle og brette lårhalsen på nytt. Han synes du blander deg opp i ting du ikke har noe med og beskylder deg for å mislike ham på grunn av hans kulturelle bakgrunn og livssituasjon.

Oppgave 1

Hvordan kan du vise respekt og toleranse for Razan i hans situasjon?

Oppgave 2

Drøft hvordan kommunikasjon kan brukes for å fremheve trygghet og tillit mellom deg og Razan.

Oppgave 3

Forklar forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og gi eksempler fra situasjonsbeskrivelsen.


Oppgave 4

Forklar og begrunn betydningen av korrekt rapportering.

Oppgave 5

Razan har hatt lite kontakt med barna sine de siste årene. De misliker hans alkoholforbruk, og besøk ender ofte med krangling og konflikter. De har spurt deg som helsefagarbeider om hjelp til å bedre forholdet til far.

- a) Beskriv ulike strategier for konflikthåndtering.
- b) Hva kan være en aktuell strategi å bruke i konflikten som har oppstått?
Begrunn svaret ditt.



www.vigoiks.no/eksamen